

Pressemelding

Kundemagasinet Vår Energi frå Sykkylven Energi

Snart får du ny straummålar

I vårens utgåve av Vår Energi kan du lese at alle analoge straummålarar i Sykkylven skal bytast ut med smarte målarar innan hausten.

Dei nye målarane medverkar til betre forsyningsikkerheit og redusert risiko for skade på liv, helse og materielle verdiar. Alle data vil vere krypterte og sikra mot uvedkomande.

Vår Energi vil du finne i postkassa i veke 18. Der kan du òg lese at både Helsetilsynet og Statens strålevern slår fast at strålinga frå dei smarte målarane er så svak at dei ikkje er helsefarleg. Målarane overfører data i korte impulsar på nokre få millisekund. Dersom målarane hadde overført konstant, ville effekten av strålinga tilsvare 0,5 prosent av den tilrådde grenseverdien.

Vidare kan du lese at smarthusteknologien snart kjem for fullt. Den vil gjere det mogleg å styre alt elektrisk i huset via mobil eller nettbrett: Stereoanlegg, varmeomnar, kaffitraktarar, vaskemaskinar og anna. Enkel teknologi og ei open plattform. Smarthusteknologi gjer det mogleg å tilpasse straumforbruket og redusere totalforbruket.

Ta deg også tid til å lese Vår Energis gode råd. Vart årets vinter ei dyr straumaffære? Det finst ein rekkje tiltak du kan gjennomføre for å spare straum neste gong kulda kjem. I magasinet finn du òg tips for korleis du kan redusere risikoen for brann.

Som vanleg utfordrar vi deg både med premiekryssord og premiekonkurranse. Premien er ein DAB-radio.

Med helsing

Sykkylven Energi